



Dei SPAR-ansatte har gjort ein kjempeinnsats også i sommar, understrekar dagleg leiar Bente Nilsen.

SPAR i Uskedalen har hatt ein fantastisk juli med rekord-omsetnad. Den stoppa på 3,8 millionar mot 3,2 millionar i fjor – det vil seia ein auke på 20 prosent. 18.600 kundar var innom butikken i denne månaden mot 16.500 i samme månad i fjor.

Juli har i alle år vore den klart beste månaden for butikken på Sanden og det gjeld altså no meir enn nokongong før. Desember ligg tradisjonelt på andreplassn.

I fjor hadde SPAR ein omsetnad på rundt rekna 25 millioner, men kva slutt-talet kan bli i 2008 tør ikkje dagleg leiar Bente Nilsen vera konkret om førebels. No gler ho seg stort over dei positive tala så langt..

Det er feriegestene som framfor alt har bidratt til tala og det fine juliveret er sjølv sagt ei vesenleg, bakanforliggjande forklåring. Kundane har i stor grad kome frå båthamnane og campingplassane og på grunn av finveret har dei fleste av dei vore lenger i Uskedalen enn dei plar vera. Det gjeld også hyttegestene på Skorpo og "fastlandet".

- Men for å drifta butikken i ein slik hektisk høgsesong er vi heilt avhengig av dei flinke sommarvikarane våre, seier Bente til uskedalen.no. Denne sesongen har SPAR hatt 10 ungdommar frå 16 til 21 år i arbeid. Ni av dei kjem frå Uskedalen og ein frå Omvikdalen og sju av dei er "gamle travarar" medan tre er nye av året.

- Vikarane våre er ein utruleg dyktig gjeng som stiller opp når dei skal. Dette med frammøtet ofrar eg ikkje ein tanke, seier Bente.

Ho gler seg også over ein fantastisk respons på sommarens store investering: Dieselpumpa med kortbetjening har vorte ein formidabel suksess. Den første månaden etter at pumpe vart sett i drift har dei seld 35.000 liter. Det er det same som tre tankfyllingar.

Det er ofte køtendensar framfor pumpe på Sandakaien og salet skjer frå tidleg om morgonen til seint på kvelden. Då SPAR hadde ansvaret for manuell betjening av pumpe for tre år sidan var omsetnaden langt lågare og Bente er ikkje i tvil om at dette var ein klok investering. Den gjev også større sal for butikken.



Ronny Pedersen frå Bømlo var ein av dei fornøgde diesel-kjøparane på Sandakaien i juli. (Foto: Ola Matti Mathisen)